

## **8 - 18 Fylkessamanslåing**

Det er vedteke at Hordaland og Sogn og Fjordane skal slå seg saman, og dette inneber at fylkeslaga i Raudt i dei respektive fylka òg må slå seg saman til ei eining.  
Fylkesorganisasjonene skal etter denne planen formelt vere slått saman til ei eining innan 31.03.19

Dette har òg konsekvensar for fylkestingsvalet i 2019, då vi ved dette valet skal stille liste saman med Sogn og Fjordane.

### a) Vedtak av plan for samanslåing av Raudt Hordaland og Raudt Sogn og Fjordane

Fylkesstyret ved arbeidsutvalet har hatt møte med leiinga i Raudt Sogn og Fjordane og vorte einige om den vedlagte planen.

#### Framlegg til vedtak:

Plan for samanslåing blir vedteke

### b) Val av to personar til koordineringsutvalet for samanslåing (KUS)

Fram til sammenslåinga blir alle felles avgjerdssler gjort i møter med to representantar frå kvart fylkeslag. Desse utgjer koordineringsutvalet for samanslåing. Det skal være ei kvinne og ein mann frå kvart fylke.

#### Framlegg til vedtak:

Daniel Ducrocq og Solbjørg Marjala velgjast til koordineringsutvalet for samanslåing.

### c) Val av nominasjonsnemd til fylkevalet 2019

Til fylkestingsvalet i 2019 skal det nominerast kandidatar frå Hordaland og Sogn og Fjordane, og vi treng difor ein nominasjonsnemd med personar frå begge fylka. Det skal være ei kvinne og ein mann frå kvart fylke.

#### Framlegg til vedtak:

Fylkesstyret legg fram kandidatane frå Hordaland på fylkesårsmøtet.

**d) Dato for samanslåings- og nominasjonsmøte**

**Framlegg til vedtak:**

Samanslåings- og nominasjonsmøte vert avhalde den 17. november

## **Avtale mellom Raudt Hordaland og Raudt Sogn og Fjordane om samanslåing av fylkesorganisasjonane**

1. Planen er vedteken av årsmøta i Raudt Hordaland og Raudt Sogn og Fjordane innan utgangen av mars 2018.
2. Fylkeslaga skal etter denne planen formelt vere slått saman til f.o.m. 1. jan. 2019. Fram til samanslåinga blir felles avgjerder tekne i møte med 2 representantar for kvart fylkeslag. Desse utgjer koordineringsutvalet for samanslåing (KUS). Samansetninga skal vere i tråd med Raudt sine vedtekter om kvotering (§12).
3. Det skal haldast kombinert samanslåings- og nominasjonsmøte 17. nov. 2018. KUS skal innkalle til dette møtet med minst åtte vekers varsel. Laga skal velje delegatar utifra medlemstal. Innkallinga skal innehalde delegatnøkkel, stad, møteramme og sakliste. Saksdokument til møtet skal vere sendt til delegatane minst to veker før møtet. Første del av møtet skal haldast som særsmøte for kvart fylke for å behandle årsmelding og revidert rekneskap (begge for perioden 1.1.-31.10.18). Andre del av møtet skal haldast som fellesmøte for å behandle plan fram til første ordinære fylkesårsmøte (i 2020) og velje eit felles fylkesstyre for "Vestlandet" fram nytt fylkesstyre blir valt i feb. 2020, men seinast ved utgangen av mars 2020.
4. Særvedtekter og andre ordningar som dei gamle fylkespartia har, må vedtakast på nytt på samanslåingsmøtet for at dei skal vere gjeldande for det nye fylkespartiet.
5. Rekneskap for kvart fylkeslag skal førast fram til 31. okt. 2018, først reviderast som vanleg og til slutt behandlast på samanslåingsmøtet 17. nov. sin første del (særsmøtet). Felleskostnadar ut 2018 skal delast mellom fylkespartia etter medlemstal pr. 31.12.17. Rekneskap for perioden 1.11.-31.12.18 skal vere felles, først reviderast og deretter behandlast på første ordinære fylkesårsmøte som bør haldast i feb. 2020 (må haldast seinast 31. mars).
6. Kvart fylkesparti vel på sine fylkesmøte ein representant av kvart kjønn til felles valkomité som skal leggje fram forslag til felles fylkesstyre minst tre veker før samanslåingsmøtet 17. nov. 2018 slik at forslaget kan sendast til lokallaga minst to veker før.
7. Nominasjon til fylkestinget skal gjerast på det kombinerte samanslåings- og nominasjonsmøtet 17. nov. 2018. Kvart fylkeslag vel på sine fylkesmøte ein representant av kvart kjønn til nominasjonskomiteen. Lokallag/fylkeslag får frist til 1. okt. med å kome med innspel til komiteen. Komiteen skal deretter utarbeide eit forslag som spesielt tek omsyn til geografi. Innstillinga frå nominasjonskomiteen skal sendast til lokallaga seinast 1. nov.



- 8.** Ein kan/treng i 2018 ikkje ta stilling til nominasjon for stortingsvalet 2021 no.
- 9.** Dersom ueinigheit om samanslåing ikkje kan løysast lokalt, kan ueinigheita avgjerast av landsstyret i Raudt.

(for Raudt Hordaland)

(for Raudt Sogn og Fjordane)